



PM

Velkommen til Sveio O-lags krets- og rankingløp søndag 9. september 2012.

Velkommen til Kysttunet, som blir eigd og drive av Sveio Kystlag, og som vellvillig let oss få låna anlegget.

Sveio O-lag kan i dag invitera til o-tevling i variert terreng med kystfuruskog, ikkje for grovkupert, med sterke innslag av stiar, traktorveggar og beitemark. Arrangøren ønskjer lukke til og oppmodar lagsleiarane til å peika på følgjande til sine løparar før start:

Kart:

Kartet, Auklandshamn, blei produsert i 2004. Visse korreksjonar er gjort før dette løpet. Det gjeld i første rekke nye gjerde og passasjar i gjerde pluss visse endringar med omsyn til status på dyrka mark/beite. Vegetasjonsgrenser er derimot ikkje oppdaterte.

Målestokk:

Løype 1, 2 og 3 er i målestokk 1:10 000.

Løype 4, 5, 6, 7 og 8 er i målestokk 1:7500 :

I lagsposane ligg kart til Løype 6, Løype 7 og Løype 8. Dette vil med andre seia løypene N-Open, Ny og C.

Start skjer på to stader: Alle deltakarane i Løypene fra og 1 til og med 7, må ca 7 minuttar til start. Deltakarane i N-open (Løype 8) startar på samlingsplass.

Lause postbeskrivelsar: Me kan tilby lause postbeskrivelsar ved start.

Merking: To ulike typar merking er brukt, raude plastsløyfer og kvite sløyfer med oransje o-flag på. *Dei raude sløyfene gjeld berre Små-troll løypa* . Kvite og oransje merke er nytta for å visa veg til start og mål for dei andre løypene.

Kryssing av gjerde/passasjar er merka på kartet og merka med plastsløyfer i terrenget.

Små-troll: Påmelding og start ved sekretariatet. Deltakaravgift kr. 25. Premiar til alle.

Kiosk: Me tilbyr pølser, vafler, kaker, brus, kaffi og te. Sjå prisliste ved utsal.

Vel møtt og god tur.

Med helsing

Sveio O-lag